

## Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2022

*Grunna overgang til nytt sak- og arkivsystem i fylkeskommunen 01.01.22 er ikkje saksprotokoll frå hovudutval for næring 10.12.21 fletta inn i møteprotokollen. Det vert vist til at denne ligg vedlagt saksdokumenta.*

**Anne Gine Hestetun (A)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i BKK. Hestetun gjekk frå under spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Hestetun var inhabil etter fvl. § 6 første ledd bokstav e nr. 2. Hestetun gjekk frå under behandlinga av saka. Varamedlem **Per Jarle Valvatne (A)** gjekk inn i møtet under behandling av saka medan Hestetun var ute.

**Sigrd Brattabø Handegard (SP)** sette på vegner av SP, A, MDG, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ – nytt punkt 1

1. Vestland fylkeskommune er oppteken av at vilkårsrevisjonen sikrar produksjonen av elektrisk energi framover. Vestland fylke treng meir fornybar energi samstundes som biologisk mangfald må sikrasi . Vidare ber Vestland fylke NVE vektleggje dei ulike fråsegnane frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som er råka av reguleringa.

Vossolaksen: Vestland fylkeskommune er i likheit med både Vaksdal og Voss kommunar er særleg opptekne av å sikra villaksen. For å sikre haustbare bestandar av laks og sjøaure i vassdraget ber Vestland fylkeskommune NVE om å særleg vurdera Voss kommune sitt krav om at konsesjonæren skal etter behov kunne påleggjast å finansiera produksjon og transport/utsleping av minst 50.000 smolt per år.»

**Knut Inge Andersen (FP)** sette på vegner av FP og SV fram slikt forslag:

«Alternativ – nytt punkt 4 og 5 (likelydande ordlyd som frå Voss heradstyre 3.2.2022)

pkt. 4:

Vestland fylkeskommune foreslår følgjande tiltak i Teigdalsvassdraget:

- Eviny vert pålagt ei minstevassføring i Teigdalselva med minst 500 liter/sekund vinter og 2000 liter/sekund om sommaren målt ved Kråkefossen. Ved ei utbygging i dag av Teigdalsvassdraget ville det truleg vorte stilt krav om Q95 som er: 600 l/s vinter og 2700 l/s om sommaren.
- Ynskje om minstevannføring gjeld for periodar med langvarig turke, dvs når naturleg vannføring kjem under 2 m<sup>3</sup> sumarstid, og 0,5 m<sup>3</sup> vinterstid. Dersom det renn t.d. 1,5 m<sup>3</sup>, så må BKK sleppa på 0,5 m<sup>3</sup>, inntil det naturleg renn 2,0 m<sup>3</sup> eller meir.
- I mesteparten av året er den naturlege vannføringa mykje større enn 2,0 / 0,5 m<sup>3</sup>, og det er då ikkje behov for vatn frå BKK. Dette varierar frå år til år. Enkelte år kan det vera minimale behov for ekstra vatn. Andre år med mykje turke, må fisken ha minstevannsføring for å overleva. Klimaendringane fører til eit framtidig våtare klima, og gir mindre behov for ekstra vanntilførsel.

• Kva dette vil medføra for BKK er vanskeleg å berekna, sidan det varierar mykje over tid. Deira tap vil vera relativt små, men for mangfaldet i vassdraget er det ei stor vinning. Det handlar om «smartslepp» etter behov, som skal nyttast i spesielle krisesituasjonar. Det vil vera svært verdifult for fiskebestandane og det levande livet i dette flotte vassdraget.

pkt. 5:

Vossolaksen Denne laksestamma med sin særmerkte storleik er viktig både for naturmangfald og som grunnlag for lokalt reiseliv, næringsliv og fiskeopplevingar. Vi ynskjer at det i framtida skal sikrast haustbare bestandar av laks og sjøaure i vassdraget. Fleire forskingsarbeid dei siste 10-åra har påvist store tap på utvandrande smolt i nedre delar. Det er ikkje peika på andre årsaker enn kraftutbygginga på Evanger. Nedkjøling av Bolstadelva pga Evanger kraftverk, fører til at lakseyngelen treng 1 år lengre i elva før han er klar for å vandra ut mot havet. Dette fører til ca. 50% auka dødelgheit. Kaldt vatn frå kraftverket er ikkje berre skadeleg for oppvekstvilkåra for yngel i Bolstadelva, men og for utvandrande smolt frå Vosso og øvre delar av vassdraget. Dette fører til uvanleg høg dødelgheit i Evangervatnet.

Dette tapet kan erstattast av smoltproduksjon ved Voss Klekkeri, inkl slep med båt ut til Stamnes / Vikanes. Dette har tidlegare gjeve gode gjenfangstar i vassdraget.

Konsesjonæren skal etter behov kunne påleggjast å finansiera produksjon og

transport/utsleping av minst 50.000 smolt per år, stipulert i dag til ein kostnad på rundt 3 mill pr år.»

**Terje Søviknes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 3

Strekpunkt 1 og 5 går ut.»

### **Avrøysting**

Søviknes sitt forslag fekk 2 røyster (FRP) og fall.

Andersen sitt forslag fekk 3 røyster (SV, FP, UA) og fall.

Innstillinga unnateke punkt 1 og punkt 3 strekpunkt 1 og 5 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 3 strekpunkt 1 og 5 vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Brattabø Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune er oppteken av at vilkårsrevisjonen sikrar produksjonen av elektrisk energi framover. Vestland fylke treng meir fornybar energi samstundes som biologisk mangfald må sikrasi . Vidare ber Vestland fylke NVE vektleggje dei ulike fråsegna frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som er råka av reguleringa.

Vossolaksen: Vestland fylkeskommune er i likheit med både Vaksdal og Voss kommunar er særleg opptekne av å sikra villaksen. For å sikre haustbare bestandar av laks og sjøaure i vassdraget ber Vestland fylkeskommune NVE om å særleg vurdere Voss kommune sitt krav om at konsesjonæren skal etter behov kunne påleggjast å finansiera produksjon og transport/utsleping av minst 50.000 smolt per år.

2. NVE må stille krav om at det vert gjort ei kartlegging av eksisterande kulturminneverdiar og oppfølgande kulturminneregistrering i revisjonsområdet.

3. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Eksingedalsvassdraget:

- Slepp av minstevassføring frå Askjellidalen og Grøndalen. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justera for å få optimale tilhøve for livet i vatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Ein slik prøveperiode vil gje eit mykje meir nøyaktig reknestykke for tapte kraftinntekter i eit klima i endring.

- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.

- Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader ved Lavik, Flatekval, Bergo, og eventuelt andre stader i elva.

- Regulanten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam oppstått i samband med reguleringa.

- Utprøving av auka minstevassføring frå Nesedammen for å betra tilhøva for laksen i nedre del av Ekso. I tillegg må planen om passasje for laksen forbi Høsefossen gjennomførast for å auka oppvekstområdet opp forbi Eikemo.

- Det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.

4. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Teigdalsvassdraget:

- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.

- Føreslått minstevassføring frå Norce på minimum 400 l/s for må kvalitetssikrast av anna forskingsorgan for å vera sikker på at vassbehovet er dekkja for å få ein auka produksjon av fisk i elva. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Minstevassføringa må målast fleire stader i elva. Minimum i Kråkefossen og på Mestad.

- Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av Mestadvatnet og eventuelt andre stader for å gjenoppretta sirkulasjon i vatnet.

5. Fylkeskommunen ber om at det utgreiast og etablerast nytt, eller nye, vassinntak høgt i reguleringsmagasina til Evanger kraftverk. Dette for å få ein meir naturleg vassstemperatur i Bolstadelva og dermed meir naturlig smoltproduksjon.

6. Fylkeskommunen ber om at problem knytt til reguleringa sitt vassregime utgreiast med omsyn til auka ferskvassinnhald i Bolstadvfjorden. Vi ber om vurdering av senking av terskel på Straume i Vaksdal med omsyn på flaum og ynske om meir vassutskifting i fjorden.

7. Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.
8. Vi ber om at nye vilkår ikkje er eit hinder for at regulanten kan drive flaumdemping gjennom aktiv regulering før og under store tilsigseepisodar.
9. Krav om vedlikehald og offentleg bruk av anleggsveggar i fjellet må vidareførast så langt dette ikkje er i konflikt med omsynet til villreinen. Tida vegane brøytast og er tilgjengelege må sjåast i samanheng med villreinen sin bruk av dei ulike områda. Ev. stenging må skje gjennom adaptiv forvaltning der veg kan stengast med bom ved avgjerande periodar for aktiviteten til villreinen. Vegen skal likevel vedlikehaldast.
10. Administrasjonen søker NVE om utsett uttalefrist slik at FUV kan vedta sin høyringsuttale i sitt møte 9.februar 2022. (Etter at kommunestyra i vertskommunane har vedtatt sine høyringsuttalar innan 01.02.2022).
11. Administrasjonen ber vertskommunane om å få tilsendt innstillingane frå formannskapa/planutvala til kommunestyra. Desse vert referert i HU for næring 13.januar 2022.